

# **Møtebok frå ekstraordinært møte i Nysæter sokneråd**

## **8.mai 2020**

<b>Råd:</b>	<b>Nysæter sokneråd</b>
<b>Tid:</b>	<b>Fredag 8.mai 2020: elektronisk møte/ mail</b>
	<b>Kl. 17.00-19.00</b>
<b>Møtestad:</b>	<b>Heime ved datamaskina</b>

*" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "*

**Innkalla:** Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

### **2020/24-210: Uttale i høve tilsetting av vikar for kyrkjeverja.**

#### **Saksutgreiing:**

Stord kyrkjelege fellesråd gjorde 15.april 2020 vedtak om å lysa ut stilling i 80 % som vikar for kyrkjeverja. Sjå vedlegget. Soknerådet skal gje ei uttale til fellesrådet så raskt som råd er. Då det er restriksjonar med tanke på å kalla inn til eit ekstra møte der me er samla fysisk, rår me til at me gjer vedtaket elektronisk. Nedanfor er eit forslag til vedtak. Me ynskjer at ALLE sender ei melding til underteikna om de støttar vedtaket eller om de vil kome med eit framlegg til alternativt vedtak.

Ut frå CV og søknadspapira meiner soknerådet at Reidar Ådnanes er kvalifisert for stillinga som vikar for kyrkjeverja, jamfør utlysinga. Han har brei erfaring innan leiing og personalarbeid. Han har god og brei kjennskap og erfaring med kyrkja og rådsstrukturen. Erfaringa han har med økonomi og budsjett gjer at han også på ein god måte vil kunne handtere arbeidet med budsjett – og økonomiarbeidet i samsvar med Stord kyrkjelege fellesråd sine prioriteringar. Dei personlege eigenskapane til Reidar Ådnanes samsvarar i stor grad til dei eigenskapane me ser etter, jamfør utlysinga.

#### **Vedtak:**

Nysæter sokneråd si anbefaling er at Stord kyrkjelege fellesråd tilset Reidar Ådnanes i vikariat i 80% som kyrkjeverje / dagleg leiar.

8 representantar røysta. Marta Kristin Valvatne sa seg ugild i avrøystinga.

#### **Generell info er teke til følgje:**

- Åse Selsvold har sagt opp stillinga si som kyrkjelydspedagog (40%) og sekretær (60%). Brynhild Stautland vil etter eige ynskje og som ledd i omstilling slutte i stillinga som kyrkjelydspedagog (60%), og få jobben som sekretær. Det vert då ledig ei 100% stilling som Stord kyrkjelege fellesråd vel å lyse ut som Kateket / kyrkjelydspedagog.

Marit Stalheim Grimstad  
Soknerådsleiar  
Sign

Oddbjørg K. Løkling  
Nestleiar /referent  
Sign